

Tytlandsvik Aqua AS  
Askvikbakken 69  
4130 HJELMELAND

Vår dato: 23.03.2018  
Vår ref.: 201700734-16  
Arkiv: 313 / 035.Z  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Silje Aakre Solheim  
22959544/saas@nve.no

## Tytlandsvik Aqua AS – Søknad om løyve til uttak av grunnvatn i Tytlandsvik, Hjelmeland kommune i Rogaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 25.8.2017.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av grunnvatn i Tytlandsvik til produksjon av postsmolt med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat 4/2018 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av grunnvatn til postsmoltproduksjon og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Grunnvasskonsesjonen ligg til grunn for vassuttak til produksjon av stamfisk og NVE skal varslast skriftleg når uttaket av grunnvatn startar opp.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 ”Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga.” og ”Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon” som er å finne på [www.nve.no](http://www.nve.no). Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

### Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønsker elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim  
rådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for grunnvassuttak i Tytlandsvik  
KI-notat 4/2018

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland  
Hjelmeland kommune  
Rogaland fylkeskommune